

# Ny kollektivpakke Nordhordland

Innspel frå Radøy kommune juni 2016.

Innspela kjem frå drøftingsmøte i formannskapet, etter dialog med ungdomsråd, eldreråd og menneske med nedsett funksjonsevne.

# Innspel

- Me har fått få innspel, - er dei reisande rimeleg nøgde totalt sett?
- Skuleskyss og arbeidsruter må framleis ha høgste prioritet.
- Innspel til forbetringar:
  - Skuleskyss t/r Radøy - Austrheim VGS
  - Betre busstilbod Radøy på kveldstid:
    - Kveldsruter frå Manger til Bøvågen – Sletta.
    - Seine bussar t/r Knarvik



# Busstruter kveld nord/aust.

- Dersom me kan få nokre seine busstruter frå Manger mot Bøvågen-Sletta for primærmålgruppe ungdom, så er mest aktuelt:
  - **Torsdag** kveld. Fast arrangement for ungdom sluttar kl. 21.00.

# NB. Pendlarar

- Me har ikkje organisasjon for arbeidsreisande, men reknar med at møta med fokusgruppene ivaretek detaljane for denne gruppa utover dei innspela me har fått.

# Forslag til vurdering

- Utgreia om Austrheim kan bli nordleg knutepunkt for kollektivpakke Nordhordland i staden for Manger.
- Dersom dette betrar ruter nordover. NB: Dette må likevel ikkje svekka dagens tilbod på Radøy, jfr. brevet frå Skyss til kommunane om prioriteringar for trafikkplan NH, der det går fram at endringar må skje innan same ramme.

# Jobbruter

- Tidsmessig konkurransedyktige ruter = ekspressruter Knarvik – Bergen (etter påstigningar frå Bøvågen – Knarvik). Stopp i Åsane gjer kollektivreise tidsmessig mindre attraktivt.
- Innføra materuter gjerne frå Alversund, som gjer båtreise attraktivt.
- Pris for kombinasjon buss/båtrute må vera konkurransedyktig.
- Fleire direktebussar Bøvågen – Knarvik – utan bussbyte Manger (dvs ønskjer at ruta går via Manger, men utan bussbyte der).

# Skuleskyss Manger barneskule

- Sitat frå Manger skule:  
Manger skule sluttar 13.15 kvar dag for småskulen og for storskulen 3 dagar pr veke. Me har skyss i svært mange retningar. Drosje til Kviste, Toska og buss innover til Kolstad og utover til Helland/Birkeland går alle kl 13.25. EIN BUSS går ikkje før kl 13.35 (til Halland, Marås). Dette synes me er uheldig, pga me må ha ei bussvakt som må stå med desse elevane frå 13.15+ til 13.35. Denne endringa skjedde i fjor, etter ei klage frå Austebygd, fordi same buss køyrer vidare til Austebygd. Åra før dette igjen gjekk bussen 13.15 frå Manger til Austebygd, og då måtte våre elevar få drosje, dei rakk ikkje bussen pga me slutta 13.15. Dvs Austebygd har klaga og då truleg fått ei endring som dei er nøgde med, men på «bekostning» av Manger skule, noko ME ikkje er nøgde med.
- Så her ynskjer me ei endring/forbetring tilbake til at også denne bussen kan gå 13.25.

# Skuleskyss – Manger og Hordabø

- Gjeld korrespondanse på skulerutene mellom Manger og Bø etter skuleslutt.
- Bussen frå Manger barneskule køyrer forbi Hella 3-5 min før bussen frå Hordabø skule kjem til Hella. Desse bør vera samstundes på Hella, slik at den eine bussen som går til Grindheim/Sætre kan ta alle elevane med.



# Generelt om skuleskyss

- Detaljar om justeringar for skuleskyssen kan gjerast til kommunalsjef oppvekst, Jo Tømmerbakke. Han har jamnlege møte rektorane.
- Mailadresse:  
[jo.tommerbakke@radoy.kommune.no](mailto:jo.tommerbakke@radoy.kommune.no)

# Buss Radøy - AVGS

- Betre samsvar skuletider og bussavgangar mot Radøy.
- Skulen er slutt:
- 11:35, buss går kl 1120. Neste buss 13:20.). Bør betrast
- 13:40, neste buss 14:45. Bør betrast
- 14:35, buss går 14:45. OK
- 15:35, buss går 16:05. OK